



Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES



Vår ref.: 2020/58947-2

Dykkar ref.:

Bergen, 28.09.2020

Årleg ruteendringar – innspel om justeringar i rutetilbodet

Årleg dialog med kommunane om rutetilbodet

Skyss/Kringom ønskjer å ha ein god dialog med kommunane om tiltak som kan betre reisemoglegheitene for innbyggjarane i Vestland, og legg no opp til årleg fast ordning for innspel til forbetringstiltak (sjå og sak i fylkesutvalet 22.09.2020, PS-188/2020).

Føremålet med årlege ruteendringar er å fange opp lokale behov for justeringar som bidrar til best mogleg samanheng i kollektivtilbodet, og at det er tilpassa reisebehovet i dei ulike områda i fylket. Endringane kan til dømes gjelde å oppnå betre korrespondansar, tilpasse tilbodet betre til det lokale aktivitetstilbodet eller legge betre til rette for ei gruppe reisande.

Kommunane står fritt til å foreslå ønskjer og behov. Det vil likevel vere bindingar som avgrensar mogleghetsrommet for endringar. For utan dei til ein kvar tid gitte økonomiske rammene, gjeld særleg at store delar av tilbodet er bunde opp i skuleskyss, samt etablerte korrespondansar mellom ulike ruter og transportmiddel.

Ruteendringar 2021

Skyss/Kringom vil med dette invitere kommunen om å komme med innspel om eventuelle behov for ruteendringar for komande år. Alle innspel vil bli tatt med i den samla vurderinga og planlegginga av rutetilbodet. Gjennomføringa av endringar vil i hovudsak skje i samband med haustrutene i august.

Vi ser det som ein føremon at kommunen tar ansvar for å koordinere innspel frå ulike interessentar og interessegrupper i eigen kommune, slik at ein i vidare planlegging i størst mogleg grad har ei samla prioritering om ønskja tiltak.

Vi ber om tilbakemelding innan november 2020. Kontaktpunkt i Skyss/Kringom er: Sigmund Kristoffer Solberg, e-post: sigmund.kristoffer.solberg@skyss.no

Med vennleg helsing,
Gudrun Einbu
leiar avdeling transporttilbod

Sigmund K. Solberg
leiar faggruppe tilbodsutvikling

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift